

# Møtebok – Lom fjellstyre

## TITTELBLAD MØTEBOK FOR LOM FJELLSTYRE

**Møtedato:** 3.mai 2021

**Møtestad:** Norsk Fjellsenter

### Møtet vart halde digitalt, desse deltok:

Faste medlemmer: Erik Frisvold, Svanhild Lyngved, Ellen Olasveen, Oluf Kvålshagen, Frikk Kolden.

Varamedlemmer: Ingen

Andre: sekretær/ dagleg leiar Åsmund Galde

Møtet vara frå kl.19.00 til kl. 20.00

### Saker som vart behandla:

Sak nr./år: 17/2021 – 18/2021

### Underskrifter:

Vi stadfestar med vår underskrift at det som er ført i sakene 01/2020 – 12/2020 er det som vart vedteke.

### Utskrifter:

Hovudutskrift av protokoll går til:

- ✓ Fjellstyremedlemene
- ✓ Lagt ut på Lom fjellstyre si heimeside [www.lom-fjellstyre.no](http://www.lom-fjellstyre.no)

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	17/2021	Arkiv nr.:	254	Møtedato:	03.05.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Uttale. Forslag frå Lom kommune til forskrift om åtferdsreglar etter friluftsløva.

### Sakspapir:

- Høyringsbrev av 19.03.21 frå Lom kommune, med vedlegg:
  - o Formannskapssak 16-2021 - åtferdsreglar etter friluftsløva
  - o Framlegg til forskrift om åtferdsreglar etter friluftsløva

### Saksutgreiing:

Med høyringsbrev av 19.03.2021 har Lom kommune sendt forslag til forskrift om åtferdsreglar etter friluftsløva ut på høyring. I brevet står det:

*«Formannskapet i Lom vedtok i sak 16/2021 å leggje forslag til ny forskrift om åtferdsreglar etter friluftsløva § 15 – forbod mot camping/ overnatting omkring turisthytter og mykje brukte friluftsområde i Lom kommune ut til offentleg ettersyn. Høyringa blir kunngjort ved annonse i Fjuken 25.03.2021 og på kommunen si heimeside.*

*Bakgrunnen for forslaget er eit behov for å betre sanitære tilhøve og redusere tilgrising av naturen og helserisiko omkring turisthytter og andre friluftsområde med stor utfart. Det blir derfor foreslått å innføre sone med forbod mot overnatting/ camping omkring 8 turisthytter og 1 anna utfartsområde (badeplass ved Liabruve) i Lom kommune. 4 av desse turisthyttene har praktisert tilsvarende regulering med heimel i vedtak v/ Direktoratet for statens skoger på 1980-talet.*

*I følge friluftsløva § 15 krev innføring av slike åtferdsreglar samtykke frå grunneigar. Dette brevet går derfor til alle berørte grunneigarar. I tillegg går brevet til regionale myndigheiter, til Vågå kommune som grensar til to av sonene, til nasjonalparkstyra som blir berørt av forslaget, og til lokale og regionale frivillige organisasjonar som kan ha interesser knytt til forslaget. To av sonene kjem i berøring med fylkesveg (Fv 55 Sognefjellsvegen), kunngjeringa til fylkeskommune er derfor også ei varsling av vegeigar.»*

Av formannskapssaka går det fram at problem knytt til tilgrising og forsøpling av områder rundt turisthyttene grunna villcamping har vore kjent lenge, og at det med bakgrunn i dette tidlegare har vore fatta vedtak og fastsett reglar om campingfrie soner rundt turisthyttene Gjendebu, Spiterstulen, Bøvertun, Glitterheim og Memurubu. Covid-19 situasjonen har skapa nye utfordringar, og kommuneoverlegen fekk sist sommar fleire bekymringsmeldingar om villcamping, sanitære forhold og smittesporing knytt til turisthyttene.

### Opplysninger og merknader:

Areal som er foreslege omfatta av forskrifta, er synt til i kartvedlegg til forskriftsforslaget og omfattar følgjande område innanfor statsalmenningane:

- a. område ved Gjendebu - gnr./bnr./fnr. 155/1/66 og delar av 155/1.
- b. område ved Memurubu - gnr./bnr./fnr. 155/1/51, 155/1/167 og delar av 155/1.

## Møtebok – Lom fjellstyre

- c. område ved Glitterheim - gnr./bnr./fnr. 155/1/67 og delar av 155/1.
- d. område ved Spiterstulen - gnr./bnr./fnr. 156/1/1 og delar av 156/1.
- e. område ved Juvasshytta - gnr./bnr./fnr. 155/1/56, 155/1/334 og delar av 155/1.
- f. område ved Leirvassbu - gnr./bnr./fnr. 155/1/47 og delar av 155/1.
- g. område ved Krossbu - gnr./bnr./fnr. 155/1/50 og delar av 155/1.
- h. område ved Sognefjellshytta - gnr./bnr./fnr. 155/1/49 og delar av 155/1.

Innanfor desse områda er det i forslaget sagt at «*Utandørs overnatting er forbode i områda, og at forbodet gjeld all overnatting i m.a. telt, campingvogner, bubilar.*» men at «*overnatting på plass som er tilrettelagt og blir tilvist av turisthytta er tillate*».

Fjellopsynet er kjent med utfordringane knytt til telting/overnatting i nærområdet til turisthyttene, og kan stadfeste at det er eit ikkje ubetydeleg omfang av forsøpling, doplassar, slitasje og annan påverknad på naturen i desse områda. Denne utfordringa ser vi i dei fleste områda med høg utfart, og på stadar som er egna for telting og camping. Noko av dette kan tilskrivast manglande kunnskap om friluftsløva, og/eller manglande vilje til å fylgje dei pliktene som fylgjer når ein ferdast og oppheld seg i naturen. Samstundes må vi vere beviste på at vi har svært mange besøkande og at volumet i seg sjølv vil utgjere ei belastning.

Truleg er det til fordel for dei fleste om telting og overnatting i tilknytning til turisthyttene kan skje i mest mogleg ordna former. Omfanget blir ofte så stort at ein er avhengig av at det finst renovasjonsrutinar og tilstrekkeleg toalettkapasitet, om ikkje blir det utriveleg for alle. Nokre av turisthyttene festar definerte areal som blir nytta som campingplass. Dette er område som turisthyttene disponerer og betaler festeavgift for. Andre hytter har ikkje slike areal, eller områder som er tilrettelagde for camping. Problem knytt til villcamping og tilgrising ser ein i begge tilfella, men kanskje mest der det ikkje finst tilbod om teltplass.

Ein kan sjå at ei regulering vil ha positiv effekt for områda rundt turisthyttene, men samstundes må dette vegast mot ulempene for andre brukarar. Turisthyttene rundt Jotunheimen har ei eksklusiv plassering, i og rundt ein av dei mest besøkte nasjonalparkane i Norge. Fleire ligg i enden av ein veg, og dei fleste er sjølvsgde utgangspunkt for turar til attraktive turmål. Plasseringa til hyttene er ofte vel gjennomtenkt med omsyn til vær og vind med god utsikt, og tilgang til vatn og ved. Dette er ofte dei same omsyna som teltarar tek, når dei skal legge seg til for natta.

Fjellstyret skal etter fjellova administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsallmenningen og arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsiinteressene. I denne saka har truleg både nærings-, naturvern- og friluftsiinteressene det same målet, men ynskjer å nytte ulike verkemiddel for å kome dit. Sonene kan av mange bli oppfatta som for store og inngripande, og at turisthyttene i for stor grad får påverke bruken av statsallmenningsareal. I enkelte av områda vil sonene si store utstrekking kunne påverke utøvinga av fiske. Kanskje er ein reduksjon av omfanget til sonene i kombinasjon med andre verkemiddel rette vegen å gå.

«Alle» ynskjer auka bruk av naturen og områda våre, dette gjeld frå den enkelte næringsaktør og opp gjennom kommunal og statleg forvaltning. Kanskje er tida inne for at vi alle går saman om eit skippertak for å synleggjera pliktene som fylgjer med utøving av friluftsliv: «*Enhver som ferdes eller oppholder seg på annens grunn eller på sjøen utenfor, skal opptre hensynsfullt og varsomt for ikke å volde skade eller ulempe for eier,*

## Møtebok – Lom fjellstyre

*bruker eller andre, eller påføre miljøet skade. Han plikter å se etter at han ikke etterlater seg stedet i en tilstand som kan virke skjæmmende eller føre til skade eller ulempe for noen.»*

### **Forslag til uttale:**

Fjellstyret ser at det kan være ei ulempe med uregulert camping, tilgrising og sanitære tilhøve i områda rundt turisthyttene som er nemde i forslaget, og at det difor kan være nødvendig å innføre ferdselsregler etter §15 i friluftslova.

Samstundes ser vi at storleiken på dei føreslege areala er store. Turisthyttene rundt Jotunheimen har ei eksklusiv plassering, i og rundt ein av dei mest besøkte nasjonalparkane i Norge. Fleire ligg i enden av ein veg, og dei fleste er sjølvsgagne utgangspunkt for turar til attraktive turmål. Plasseringa til hyttene er ofte vel gjennomtenkt med omsyn til vær og vind, med god utsikt og tilgang til vatn og ved.

Fjellstyret meiner at omfanget samla sett blir unødvendig inngripande for friluftslivinteressene og andre brukerar, og at størrelsen på areala må reduserast. Forskrifta bør kombinerast med god informasjon, tilrettelegging og ei positiv tilnærming, som kommunen og dei aktuelle bedriftene tek ansvar for.

Turistbedriftene har ikkje har anledning til å tilvise plass, legge til rette for overnatting eller på andre måtar nytte areal som ligg utanfor tomtearealet sitt, dette vil og gjelde innanfor eventuelle forbodssoner.

### **Uttale:**

Fjellstyret ser at det kan være ei ulempe med uregulert camping, tilgrising og sanitære tilhøve i områda rundt turisthyttene som er nemde i forslaget, og at det difor kan være nødvendig å innføre ferdselsregler etter §15 i friluftslova.

Samstundes ser vi at storleiken på dei føreslege areala er store. Turisthyttene rundt Jotunheimen har ei eksklusiv plassering, i og rundt ein av dei mest besøkte nasjonalparkane i Norge. Fleire ligg i enden av ein veg, og dei fleste er sjølvsgagne utgangspunkt for turar til attraktive turmål. Plasseringa til hyttene er ofte vel gjennomtenkt med omsyn til vær og vind, med god utsikt og tilgang til vatn og ved.

Fjellstyret meiner at omfanget samla sett blir unødvendig inngripande for friluftslivinteressene og andre brukerar, og at størrelsen på areala må reduserast. Forskrifta bør kombinerast med god informasjon, tilrettelegging og ei positiv tilnærming, som kommunen og dei aktuelle bedriftene tek ansvar for.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom kommune – som e-post
- Statskog SF – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	18/2020	Arkiv nr.:	212	Møtedato:	03.05.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Endra organisering og tilsetting av fjelloppsyn i deltidstilling.

### Sakspapir:

- Referat frå møte 11. mars. Avslutning av arbeidsforhold grunna alderspensjon, vidare organisering og tilsetting.

### Saksutgreiing:

Magny Hilde som har vore tilsett som kontormedarbeidar i 30% stilling går av med alderspensjon 1. mai. I samband med dette har fjellstyreleiar og nestleiar i samband med administrasjonen vurdert vidare organisering. I møte 11.mars vart det bestemt å legge fram forslag om ikkje å tilsette ny kontormedarbeidar, men å utvide sesongoppsynsstillinga, slik at ein får ei fast stilling som går 100% i tida juni til november og 40% i tida desember til mai.

I same møtet vart det drøfta om stillinga skulle lysast ut, eller om det kunne være aktuelt med ein intern tilsettingsprosess. Eilev Hellekveen har sidan 2011 vore tilsett som mellombels sesongoppsyn i varierende storleik, sist år 100% i 7 mnd omfang. Han vart vurdert som godt kvalifisert, og vil etter arbeidsmiljøloven ha fortrinnsrett til stillinga.

Saka vart lagt fram til drøfting for fjellstyret i møte 15. mars, og det vart bestemt å halde eit møte med Hellekveen der han fekk tilbod om tilsetting på vilkåra som nemnd. Hellekveen takka ja.

### Framlegg til vedtak:

Eilev Hellekveen blir tilsett i fast stilling som fjelloppsyn, 100% i tida juni til november og 40% i tida desember til mai.

### Vedtak:

Som framlegget.

Samrøystes.

### Utskrift går til:

- Eilev Hellekveen – som e-post
- Rekneskapsfører – som e-post